

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 09.11.2017
SAKSHANDSAMAR: Vidar Vie
SAKA GJELD: **Mellombels løysing båtambulanse sør**

ARKIVSAK: 2016/4305
STYRESAK: **084/2017**

STYREMØTE: **24.11.2017**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek saka til orientering

Oppsummering

Helse Førde arbeider for å få på plass ei båtambulanseteneste som skal dekke heile området sør med ein båt. I ein mellombels periode på omlag to år frå årsskiftet 2017/2018 skal to båtar, som i dag, dekke området. Det har vore gjennomført anbodskonkurranse for ein mellombels periode. Prisane for båtmateriell og maritimt mannskap er omlag som i dag.

Fakta

Styret i Helse Førde avgjorde i styremøte 18. november 2016 korleis båtambulansetilbodet i område sør skal vere:

«Båtambulansetilbod for område sør vert lyst ut på anbod med ein båt i Solund, supplert med kjøp av taxibåttenester eller anna eigna transportkapasitet for Atløy, i tråd med føringar i saksførelegget.» (vedtakspunkt 2 i saka)

Administrasjonen arbeider etter denne tidsplanen for å realisere vedtaket:

Tentativ tidsplan båtambulanse Sør

(dagane er arbeidsdagar)

ID	Aktivitetsnavn	Start	Slutt	Varighet	2017				2018												2019												2020							
					sep	okt	nov	des	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	jan							
1	Prosjektmøte	20.09.2017	29.09.2017	8d	■																																			
2	Utlysning mellombels ordning	29.09.2017	03.11.2017	26d	■																																			
3	Utarbeide mandat for kravspeggruppe	04.10.2017	20.10.2017	13d	■																																			
4	Arbeid med kravspek ny båt	20.10.2017	19.01.2018	66d	■																																			
5	Avgjerd mellombels ordning	03.11.2017	27.11.2017	17d	■																																			
6	Prosjektmøte	15.12.2017	15.12.2017	1d																																				
7	Mellombels ordning med to båtar	01.01.2018	31.01.2020	545d	■																																			
8	Utlysning ny båt	31.01.2018	22.03.2018	37d	■																																			
9	Avgjerdspeser ny båt	22.03.2018	22.05.2018	44d	■																																			
10	Prosjektmøte	02.05.2018	02.05.2018	1d																																				
11	Samarbeidsprosess ny tilbyder	01.06.2018	31.01.2020	436d	■																																			
12	Prosjektmøte	11.10.2018	11.10.2018	1d																																				
13	Prosjektmøte	13.03.2019	13.03.2019	1d																																				
14	Prosjektmøte	17.10.2019	17.10.2019	1d																																				
15	Ny båt i Solund i drift	01.01.2020	01.01.2020	1d																																				

Som tidsplanen viser, vil det ta så lang tid å få på plass ein ny båt som dekker heile området at det vil vere naudsynt å inngå mellombels avtalar for to båtar (ein i Askvoll og ein i Solund). Ei vidareføring av dagens avtalar utan å gå ut på anbod, vil ikkje vere i samsvar med lov om offentlege kjøp.

I utlysinga for mellombels løysing (aktivitet 2 i tidsplanen) vart det teke følgjande atterhald:

«Oppdragsgjevar tek atterhald om at kjøpet kan verte redusert/endra/ikkje inngått kontrakt grunna budsjettmessige tilhøve.»

Styret i Helse Førde vart orienterte om status i saka 27. oktober 2017, og bad om å få saka opp att etter at tilboda var komne inn.

Helse Førde har no motteke tilbod både for Solund og Askvoll. Prisnivået på dei innkomne tilboda er omlag på nivå med dagens kostnader.

Kommentarar

Styret i Helse Førde har slått fast korleis båtambulansenesta i område sør skal vere organisert. Det skal vere ein båt i Solund som dekker heile området, supplert med eigna transportkapasitet for Atløy i Askvoll.

Det tek tid å lage kravspesifikasjon, lyse ut, gjere ny avtale, byggje og få på plass den nye båten, og tilbodet fram til dess skal vere innanfor regelverket. Anbudsutlysinga resulterte i tilbod som samla ligg omlag på nivå med dagens kostnader for to båtar. Det er ikkje finrekna på skilnadene, men dei må seiast å vere små sett opp mot den totale storleiken. I kontraktane for den mellombelse perioden, får Helse Førde også ei kvalitetsheving med noko skjerp krav til både fartøy og maritim besetning.

Ut frå ei vurdering av alle sider av saka vert det tilrådd å inngå avtale med beste tilbydar(ar), basert på pris, materiell, personell og andre vesentlege moment i kravsspesifikasjonen.

Det er ikkje funne gode alternativ, og følgjande moment har vore vurderte:

Samla kostnader: Prisnivået på dei nye tilboda samsvarar i stor grad med kostnadene i 2017. Atterhaldet som var teke i anbudsutlysinga, vert ikkje vurdert å kunne nyttast når det gjeld pris.

Å inngå avtale om ein (1) båt no: Dokumenta som vart lagt ut på basen for anbudsutlysinga, har vore lesne av over 100 personar. Aktuelle tilbydarar har meldt tilbake at anbudsfristen var for kort til at dei kunne stille med materiell, og det har kome inn relativt få tilbod. Vurderinga frå Sjukehusinnkjøp HF er at det er svært få, om nokon, båtar i landet som på kort sikt kan setjast inn i heile området og som stettar alle krava Helse Førde har til ein ny båt. Eit slikt engasjement av ein båt vil heller ikkje vere i tråd med behova skissert i utlysinga.

Forplikingar overfor lokalsamfunnet: Strukturprosessar innanfor det prehospitalt området er krevjande for Helse Førde, men også for kommunane og innbyggjarane. Administrerande direktør si oppleving av prosessen for båtambulansesør er at Helse Førde forplikta seg til å stille med båtmateriell med særskild gode funksjonar før båtambulansen i Askvoll vart teken vekk. Sjølv om det likevel kan vere kritiske røyster frå Askvoll til den nye løysinga, så er det viktig for omdømme og tillit at Helse Førde held fast på denne standarden. Det er også viktig med tanke på nye og pågåande prosessar for det prehospitalt området.

Avtaleforhold i tråd med regelverk: Dagens avtaler kan ikkje forlengast i to år til utan at konkurranse om ytinga vert gjennomført og avtalegrunnlaget er på plass. Føretaket er no i posisjon til å få dette i orden og på plass til 1. januar 2018. Det ser ikkje ut til å vere nokon alternative løysingar som stettar dette kravet.

Proessen tek tid: Området sør skal om få år dekkast med ein båt frå Solund. Uavhengig av om det vert stilt krav i ny konkurranse til ny båt, eller om ein kan levere tilbod med brukt båt, så må det nyttast tid til å utarbeide ein kravspesifikasjon og gjennomføre konkurranse. I det arbeidet har Helse Førde forplikta seg til å også å hente inn synspunkt frå kommunane før konkurransen vert gjennomført. Ettersom det neppe finst ledige brukte båtar som stettar alle krava, vil prosessen ta omlag så lang tid som tidsplanen indikerer.

Basert på momenta som er lista opp over, ser administrerande direktør det som den rette løysinga å inngå avtale med den eller dei beste tilbydarane i konkurransen som no er gjennomført.

Konklusjon

Helse Førde har motteke tilbod som stettar spesifikasjonane både for pris, materiell og personell. Føretaket bør inngå avtale med den eller dei tilbydarane som totalt sett har det beste tilbodet for å sikre avtaler på båtambulansetenester som er innanfor lov om offentlege innkjøp.